

Saksprotokoll i Fylkesutvalet - 29.09.2020

Avrøysting

Innstillinga frå hovudutval for samferdsel og mobilitet vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Fylkesutvalet meiner det er rett å lytte til kva eit fleirtal av kommunane i Haugalandspakken ynskjer å prioritere og grunngjev dette med betydninga av lokal legitimitet til bompengepakken og for å sikre eit godt samarbeid i arbeidet med ny samferdselpakke på Haugalandet som er under utgreiing.

2. Fylkesutvalet stiller seg bak den prioriteringa styringsgruppa i Haugalandspakken allereie har avgjort å låse.

3. Restportefølgjen vert føreslege låst til følgjande prosjekt:

1. Åkra sør/Veakrossen - i følgje saksutgreiing alternativ B: kr 135 mill

2. Ekrene-Vikse: kr. 195 mill.

Sum låste prosjekt er då 330 mill, med ein buffer på totalt 144 mill.

Salhusvegen bør prioriterast fullført av midlar frå buffer etter at øvrige prosjekt i pakken er ferdigstilt.